



NVE

nve@nve

Leikanger, 07.09.2018

Saksnummer  
200708099

Dette brevet sendes på vegne av:

*Sogn og Fjordane Turlag og Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane.*

---

**Klage på vedtak av 24.08.2018 om forlenga frist for Småkraft til å bygge ut Tolleholselva kraftverk med fem år.**

Vi klagar med dette på vedtak av 24.08.2018 der Småkraft får forlenga fristen til å bygge ut Tolleholselva kraftverk med 5 år.

Vi tek i denne klaga i hovudsak utgangspunkt i desse dokumenta; konsesjonssøknad med miljøvurdering, notat/rapport «Registrering av naturverdiar og andre tilhøve ved konsesjonshandsaming av Tolleholselva Kraftverk, A.Gullanger, 2018» og kommentarar frå Småkraft til NVE i e-post 03.08.2018

VI meiner utbygginga vil ha ei stor negativ innverknad på viktige habitat for dei raudlista lavartane skuddelav og kystkantlav og då spesielt på den sist nemnde arten som er raudlista som sterkt truga. Vi vil derfor i størst grad konsentrere oss om dei truslane vi meiner utbygginga vil utgjere for bestanden av kystkantlav, men dei same faktorane påverkar også skuddelav

I Norsk rødliste 2015 vert truslane mot kystkantlav skildra slik:

*Viktigste trusler er ulike former for hogst, kraftig elgbeite og reduksjon i habitat, både areal og kvalitet.*

Kystkantlav er ein fuktkrevande art med ei klar oseanisk utbreiing. I rapporten 'Fattig boreonemoral regnskog – et hotspothabitat, NINA rapport nr. 1169, 2015' vert kystkantlav rekna som ein skiljeart mellom fuktige og mindre fuktige skogar. Ortnevik ligg austanfor det mest nedbørrike beltet og nedbørsmengda minkar jamt og trutt dess lengre innover Sognefjorden ei kjem. Storeldalen i Ortnevik har den austlegaste kjende populasjonen av kystkantlav i Sogn og Fjordane så her er nok ein eller fleire av miljøfaktorane nær minimum

av det arten krev. Derfor kan små utslag i mikroklima og fuktigkeit (kvalitet av habitat) her vere heilt avgjerande for kystkantlaven sin eksistens.

Sitat frå kapittel 3.3 i konsesjonssøknaden:

*«Tolleholselva og Breidalselva går gjennom et område med mye moreneavsetninger og grunnvannstanden er påvirket av vannføringen i elvene. Det er spesielt på det flate partiet nederst en kan forvente en viss senking av grunnvannstanden som følge av en utbygging.»*

Som A. Gullanger påpeikar i notat mottek eit 600m vassløp aust for hovudelva tidvis betydeleg mengder vatn i overløp frå Tolleholselva. Det inneber at det er eit mykje større areal som vert påverka hydrologisk enn det ser ut til i konsesjonssøknaden. Dette arealet utgjer mellom anna største delen av det sørlegaste området som Gullanger i nemnde notat har avmerkt som naturtype av svært stor verdi(A). Dette avmerkte området hyser det største samanhengande området med fuktig gråor- dominert skog i dalen og er det som på lang sikt vil vere best eigna til å oppretthalde bestanden av dei to raudlista lavartane og kan kanskje også vere eigna for fleire raudliste artar.

Det er vel ganske innlysande at ein skog med senka grunnvasstand og med minimale mengder med overflatevatn som fordampar frå elveløpa etter ei utbygging vert ein mindre fuktig skog.

Sitat frå kap.3.2 i konsesjonssøknaden:

*«Den reduserte vannføringen fører til litt høyere vanntemperaturer i og langs Tolleholselva og Breidalselva under snøsmeltingen vår og sommer, og litt lavere om vinteren.»*

Når ein ser på utbreiingsområdet til kystkantlav er det vel slett ikkje utenkleleg at vintertemperaturen kan vere ein avgrensande miljøfaktor.

I Storealen veks kystkantlav og skodelav nesten utelukkande på gråor. Eit tørrare jordsmønster vil også gå i disfavør av gråora slik at denne på lengre sikt kan verte utkonkurrert av treslag som ikkje tolererer vassmetta jord i same grad som denne.

Endring av lokal-/ mikroklima og senka grunnvasstand på dei flate partia inst i Storealen vil etter vårt syn dramatisk kunne redusere arealet som vil vere eigna for kystkantlav og også vere svært negativt for skodelav.

Småkraft nemner i e-posten av 3. aug 2018 ingenting om dei fysiske inngrepa i den over tre kilometer langestrekninga nedanfor kraftstasjonen og også i konsesjonssøknad/miljøvurdering er potensielle biologiske verknader av desse knapt nemnd. Den eksisterande traktorvegen skal oppgraderast og forsterkast, med vegskrånningar og grøfter vil total påverka breidde verte opptil 10 m. Dette er betydeleg meir enn dagens eksisterande enkle traktorveg. I tillegg skal netttilknyting leggast i grøft med 22kV jordkabel langs vegen. Vi kan ikkje sjå at det nokon stad i saksparia er nemnd kva areal kabelgrøfta vil trenge. Vi reknar med at det ikkje er ønskjeleg med høgare vegetasjon på og langs langs kabelgrøfta slik at oppveksande tre jamleg vil verte rydda vekk i fleire meter(5m?) på begge side av grøfta. Auka dimensjon på drenering vil vel også i nokon grad kunne påverke grunnvatn og fuktigkeit i jorda langs vegen. Nesten alle registrerte funn av kystkantlav og skodelav som ligg i det nordlegaste av dei to areala som Gullanger har avgrensa som svært viktig naturtype ligg slik til at dei vil kunne bli påverka av vegutviding eller kabelgrøft. Vi kan ikkje sjå for oss at anna enn at svært mange tre der det veks raudlista lav må fjernast for å få gjennomført arbeidet med vegen og kabelgrøfta. Derfor vil verdien dette området har som viktig naturtype verte sterkt redusert eller kunne falle heilt bort.

Slik plasseringa av røygata no er skissert går den rett gjennom ein dei to rikaste konsentrasjonane av kystkantlav i området. Funna er her konsentrert langs eit svakt hellande fuktig søkk mellom Tolleholselva og Breidalselva. Her er det vel kanskje mogeleg å flytte

røyrgata slik at ein direkte unngår å felle gråor med kystkantlav og skodelav. Sidan røyrgata består av stabile drenerande massar vil det likevel vere vanskeleg å ikkje redusere det fuktige preget av terrenget. Stabilt fuktig lokalklima er svært viktig både for kystkantlav og skodelav.

Småkraft hevdar i e-posten av 3.aug 2018 at «*Søknadene er utarbeidet i samsvar med vanlig praksis og veiledere for utarbeidelse av konsesjonssaker*»

Det er godt mogleg at søknadene er utarbeida etter vanleg praksis, men vi stiller spørsmål om dei oppfyller alle krav i sist oppdaterte vgleiar i høve dokumentasjon av biologisk mangfald (NVE 2009) som også var gjeldande då konsesjonssøknaden vart levert i 2011.

Det skulle vel vere ein sjølv sagt ting at alle vassvegar som vert påverka av ei vasskraftutbygging vert omtala i konsesjonssøknad og tilhøyrande miljørapport. Vi er derfor ein smule forundra over at eit 600 meter langt bekkeløp som står i samband med Tolleholselva ikkje er omtala i det heile endå det er klart og tydeleg avmerkt på nyare kart. Gullanger påpeikar i notatet sitt fleire manglar i miljørapporten i høve det som vert kravd i vgleiaren som t.d. manglende nøyaktig kartfesting av influensområde og også av gått rute under feltarbeidet. Slik vi ser det skulle eit mykje større område vore inkluderte i influensområdet dersom føringane i gjeldande NVE vgleiar hadde vore følgt til punkt og prikke.

Vi vil også setje fokus fagkunnskapen til dei som gjennomfører miljøundersøkingar. Sitat frå NVE vgleiar: «*Det er tiltakshavers ansvar å velge sakkyndig hjelp som har tilstrekkelig kompetanse,*»

Vi synes det er heilt på sin plass å spørje om fagkunnskapen og/eller praktisk gjennomføring av feltundersøkinga var god nok når Multiconsult og Arnor Gullanger kunne kome fram til så fundamentalt forskjellige resultat frå det same området.

#### Multiconsult:

«*Det er ikke påvist viktige naturtyper, truete vegetasjonstyper eller rødlisterarter i dette området.*» - «*-Botanisk sett fremstår området som ordinært og representativt for det man finner langs vassdragene i dette området. Fraværet av rikbarkstrær (med unntak av enkelte trær av selje) tilsier også at potensialet for mer kravfulle arter av lav langs de to elvene er lite.*»

#### Arnor Gullanger:

«*I dei fuktige gråordominerte skogareaala fann eg skodelav og kystkantlav i betydelege mengder. Skodelav veks på fleire hundre trestammar og samla tal talli er utan tvil firesifra. For kystkantlav er det spesielt to mindre areal som utmerkar seg med større populasjoner av arten. På desse fann eg talli av arten på høvesvis minst 25 og 20 trestammar. I tillegg er det flere enkeltfunn spreidd over eit større område.*»

«*-den gråordominerte delen av skogen i Storeldalen hyser bestandar av kystkantlav og skodelav som må vere mellom Noregs største for begge artane. Ut frå tettleiken av desse to raudlista lavartane burde det heilt klart vere grunnlag for å registrere større delar av influensområde som viktig naturtype.*» Gullanger har avgrensa to områder han meiner fortener å verte klassifisert som verdi A – svært viktig.

#### Oppsummering:

Etter vår oppfatning vil det være umogeleg å gjennomføre dei fysiske tiltaka i tilknyting til Tolleholselva kraftverk utan å måtte felle mange gråor med kystkantlav og skodelav eller

grave over større eller mindre delar av rotssystemet. Dette vil i størst grad gjelde den nordlegaste delen av lavpopulasjonane som veks langs veg og kabeltrase og som kan verte nesten utradert, men vil også gjelde førekomensten langs planlagt røyrgate dersom ein held fast på noverande trase.

Vi meiner dei direkte fysiske inngrepa under utbygginga vil kunne redusere mengda av dei nemnde raudlisteartane ganske dramatisk. Den verkeleg store trusselen mot desse artane på lang sikt vil etter vårt syn likevel vere dei permanente endringane av fuktighet i luft og jordsmonn som resultat av seinka grunnsandstand og betydeleg mindre overflatevatn som fordampar. Kystkantlav vil være spesielt utsett sidan Ortnevik ligg heilt i utkanten av utbreiingsområdet og at ein eller fleire miljøfaktorar derfor truleg er nær minimum av det arten krev. Området som får lokal-/mikroklima og grunnvatn mest påverka av ei utbygging er det same som det vi på lang sikt meiner vil vere best eigna til å oppretthalde populasjonane av kystkantlav og skoddelav og eventuelt også andre fuktkrevande raudlisteartar.


Vi meiner at dei særdeles rike artsfonna av kystkantlav (EN) og skoddelav (NT) og dei andre tilhøve som er avdekka etter første konsesjonshandsaminga var avslutta heilt klart tilseier at ulempene no er vortne større enn nytten. Spesielt mengda av kystkantlav er ganske unik og dersom vi tek utgangspunkt i tala frå siste utgåve av raudlista kan populasjonen i Storeldalen ved Ortnevik utgjere så mykje som 10% eller meir av den kjende førekomensten i Noreg.

Vi ber derfor om at forlenginga av konsesjonen vert trekt tilbake.

**Naturvernvernforbundet i Sogn og Fjordane  
Sogn og Fjordane Turlag  
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane**

Med venleg helsing  
Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane

Elisabeth Dahle  
Koordinator



Forum for natur og friluftsliv Sogn og Fjordane  
Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger  
Tel.: 480 20 532 Org.nr. 912 265 722  
[www.fnf-nett.no/sognogfjordane](http://www.fnf-nett.no/sognogfjordane)  
[sognogfjordane@fnf-nett.no](mailto:sognogfjordane@fnf-nett.no)